

Rettleiing til søker

Søknad om utslepp av sanitært og kommunalt avløpsvatn frå hus og hytter, under 50 pe – kapittel 12 i forureiningsforskrifta

Les denne rettleiinga før du fyller ut søknadsskjemaet.

Fleire kommunar har utarbeidd eigne søknadsskjema for utslepp av avløpsvatn etter lokale krav. Kontakt derfor i første omgang kommunen for å høre kva krav som gjeld i din kommune. Ver merksam på at kommunen kan krevje gebyr for saksbehandling av søknad om utslepp, jamfør § 11-4 i forureiningsforskrifta.

Du finn meir informasjon og rettleiing på

- www.avlop.no
- www.norskvann.no

På www.avlop.no finn du også eksempel på utfylling av søknadsskjema med vedlegg.

Kven har søknadsplikt?

Utslepp av sanitært avløpsvatn er søknadspliktig, jamfør forureiningsforskrifta kapittel 12. Du må søkje kommunen om utsleppsløyve både når du skal etablere eit nytt utslepp, og når du skal auke eit eksisterande utslepp utover dei eksisterande rammene. Du må også søkje dersom du skal endre type utslepp eller utsleppsstad. Kontakt kommunen dersom du er usikker på om du treng søker.

Det er søkeren sitt ansvar å fylle ut ein nøyaktig og fullstendig søknad med alle opplysningane kommunen treng for å kunne behandle han. Kommunen startar behandlinga av søknaden når det ligg føre eit fullstendig utfylt søknadsskjema med alle nødvendige vedlegg. Kommunen behandler søknaden innan 6 veker frå fullstendig skjema med vedlegg er motteke. Manglar det opplysningar eller dokumentasjon, vil dette kunne forseinkje behandlinga. Dersom du har søkt om unntak frå standardkrava i forureiningsforskrifta kapittel 12, eller eventuelt frå lokale forskrifter, gjeld ikkje den absolute saksbehandlingsfristen på 6 veker.

Kva må du gjere i god tid før du søker?

Ta kontakt med kommunen for å få vite kva krav og eventuelle lokale tilpassingar som gjeld der du vil sleppe ut avløpsvatn. Finn ut kva som er kravd av informasjon og dokumentasjon i ein søknad om utsleppsløyve. Kommunen har plikt til å gi rettleiing om korleis du skal søker, og om kva vilkår og krav som gjeld. Du må også sjekke med plan- og byggjesaksavdelinga i kommunen om det planlagde avløpsanlegget er i samsvar med kommunen sine planar etter plan- og bygningslova. Dersom det ikkje er samsvar, må du hente inn samtykke. Det kan krevje politisk behandling.

Hent inn nødvendig informasjon og dokumentasjon. Det er du som søker som skal hente inn all nødvendig informasjon og vise at det planlagde utsleppet er i tråd med krava. Det kan ta tid å samle alt, så berekna god tid.

Du har plikt til å varsle naboor og andre spesielt involverte. Andre spesielt involverte kan for eksempel vere lag og foreiningar, eller andre som har friluftsinteresser i området. Når du sender varsel til desse, skal du samtidig sende kopi til kommunen. Dersom du er i tvil om kven som skal ha varsel, kan du få ei liste over desse frå kommunen. Varsel skal sendast ut med svarfrist på minimum fire veker. Du må sjølv sørge for å få kvittering for

at varselet er sendt (for eksempel kvittering på rekommendert brev, underskrift eller liknande).

Til søknaden må du leggje ved ei oversikt over kven som er varsle, kopi av varselet og kvitteringar (vedlegg G). Du må også leggje ved eventuelle fråsegner/protestar du har motteke (vedlegg H). Søknaden om løyve etter kapittel 12 kan ikkje sendast til kommunen før svarfristen på fire veker har gått ut.

Kva må sendast inn til kommunen, og korleis blir søknaden behandla?

Når du har fylt ut alle punkta i søknadsskjemaet og har lagt ved alle nødvendige vedlegg, har du levert det vi kallar ein fullstendig søknad. Ein fullstendig søknad skal behandlast av kommunen innan seks veker. Hugs at dersom søknaden manglar opplysningar eller dokumentasjon, vil dette kunne forseinkje saksbehandlinga. Dersom du har søkt om unntak frå dei standardiserte reinsekrava i kapittel 12 eller lokale forskrifter, gjeld ikkje den absolutte saksbehandlingsfristen på seks veker.

Eg har sendt søknad om utsleppsløyve til kommunen	Kva tid kan eg vente svar?
Eg har sendt inn ein fullstendig søknad som er i samsvar med standardkrav og eventuelle tilleggskrav frå kommunen.	Søknaden skal behandlast av kommunen innan seks veker. Dersom kommunen ikkje har svart på søknaden innan seks veker, skal løyvet reknast som gitt.
Eg har sendt inn ein fullstendig søknad med krav om unntak frå reinsekrava.	Den absolute saksbehandlingsfristen til kommunen på 6 veker gjeld ikkje. Saksbehandlinga kan ta lengre tid, men søknaden skal behandlast utan grunnlaust opphold.
Eg har sendt inn ein ufullstendig søknad (ikkje alle punkta i søknadsskjemaet er utfylte, eller det manglar vedlegg).	Søknaden vil ikkje bli behandla.

Slik fyller du ut søknadsskjemaet

1. Ansvarleg (søkjar)

Her skal du gi alle opplysningar som er nødvendige for at kommunen skal kunne kontakte deg eller sameiget/organisasjonen som søker om utsleppsløyve. Ansvarleg søker er normalt den som eig og driv anlegget (ansvarleg eigar / tiltakshavar), og som er ansvarleg for utsleppet, inkludert for drift og vedlikehald av anlegget. Dersom ansvarleg søker ikkje er den same som ansvarleg eigar, må du informere om det her. Handheving og sanksjonar etter regelverket vil skje overfor ansvarleg eigar.

2. Søknaden gjeld

Her skal du opplyse om søknaden gjeld eit nytt utslepp eller ein vesentleg auke av utsleppet. Du må opplyse om søknaden gjeld heilårsbustad, fritidsbustad og/eller annan bygning, og talet på bygningane i dei ulike kategoriane. Dersom det er eller skal installera vassklosett, må du opplyse om det. Vesentleg auke kan vere at fleire område skal koplast til anlegget, installering av matkvern, vatn eller vassklosett. Ta kontakt med kommunen dersom du er i tvil om kva som er vesentleg auke.

3. Eigedom/byggjestad

Her skal du føre opp gardsnummer, bruksnummer (og eventuelt festenummer) og adresse på bygningen eller bygningane som skal knytast til avløpsanlegget. Dersom du ikkje kjenner gards-, bruks- og eventuelt festenummeret, kan du få vite det ved å kontakte kommunen.

Du må sjekke med kommunen om plasseringa og utføringa av det planlagde anlegget er i samsvar med kommunen sine planar etter plan- og bygningslova. Dersom utføringa og/eller lokaliseringa av reinseanlegget ikkje er i samsvar med kommunen sine planar, må du innhente samtykke frå planmyndigheita. Det kan krevje politisk behandling. Hugs å føre opp dato for kva tid samtykket blei gitt.

4. Utsleppsstad

Her skal du gi opplysningar om utsleppsområdet. Det vil seie om avløpsvatnet går til innsjø, bekk/elv, grunnvatn, elvemunning, og så vidare. Du skal også føre opp namn på lokalitet og kartkoordinatar. Koordinatar kan du for eksempel finne på eit økonomisk kart / plankart i målestokk (1:5000) eller større frå Statens kartverk. Denne typen kart vil du kunne få tak i hos oppmålingsavdelinga i kommunen (kartteneste, teknisk kontor) og på fylkeskartkontoret. Dei fleste kommunane har ei heimeside der du kan laste ned kart. Sjå også www.xymap.com der ein del kommunar har kart. Hugs å føre opp kva kartdata du bruker, for eksempel WGS 84.P.

Plasseringa og utsleppsstaden til avløpsanlegget skal merkjast av på kartet. På det same kartet skal du også merkje av eigedomsgrenser og eventuell veggtilkomst (for slamtømming, vedlikehald og så vidare). Legg kartet ved søknaden (vedlegg D).

Gjeld søknaden utslepp til vatn, må du føre opp kor mange meter under lågaste vasstand det skal sleppast ut (utsleppsdjupn).

Den forventa storleiken på utsleppet skal førast opp i talet på personekvivalentar (pe). Personekvivalentar er eit mål på mengda organisk materiale i avløpsvatnet. Du kan finne pe på fleire måtar, men dette er hovudreglane:

- Utslepp frå hus og hytter med innlagt vatn og vassklosett: 1 person bidreg med 1 pe.
- Utslepp frå hytter med innlagt vatn utan vassklosett: 1 person bidreg med 0,3 pe.
- Utslepp frå hytter utan innlagt vatn og vassklosett: 1 person bidreg med 0,1 pe.

Ta kontakt med kommunen dersom du er usikker på korleis du reknar ut den forventa storleiken på utsleppet.

Eksempel 1:

Eitt hus med innlagt vatn og vassklosett, 6 personar i husstanden:

$1 \times 1 \text{ pe/person} * 6 \text{ personar} = 6 \text{ pe}$. Den forventa storleiken på utsleppet er 6 pe.

Eksempel 2:

Hyttefelt med 4 hytter med innlagt vatn utan vassklosett, 10 sengeplassar per hytte¹⁾:

$4 \times 0,3 \text{ pe/person} * 10 \text{ sengeplassar} = 12 \text{ pe}$. Den forventa storleiken på utsleppet er 12 pe.

¹⁾ Det vil variere kor mange personar som oppheld seg på ei hytte. Når ein skal rekne ut forventa tal på personekvivalentar, må ein ta utgangspunkt i maksimum tal personar på hytta til same tid. Talet på sengeplassar kan vere eit godt mål på maksimum tal personar / maksimum belastning.

5. Reinsegrad

Krava til reinsegrad i dei enkelte kommunane kan vere strengare enn standardkrava i kapittel 12. Ta kontakt med kommunen dersom du er usikker på kva reglar som gjeld. Oppdaterte lokale forskrifter finn du på www.lovdata.no.

Informasjonen om krava til reinsegrad som følgjer nedanfor, rettar seg mot standardkrava i forureiningskrava i kapittel 12.

Kva reinsekrav som gjeld på den staden der du planlegg utsleppet, er avhengig av om utsleppsstaden ligg i eit følsamt/normalt eller mindre følsamt område, om det er brukarkonflikta involvert, og om det er fare for overgjødsling.

For å finne ut kva reinsekrav som gjeld på den staden du vil sleppe ut avløpsvatn, må du først finne ut om utsleppsstaden ligg i eit følsamt/normalt område eller i eit mindre følsamt område:

- følsamt/normalt område
 - o Følsame/normale område er ferskvatn og kyststrekninga frå svenskegrensa til Lindesnes med tilhøyrande nedbørfelt og Grimstadfjorden-området (Nordåsvannet, Grimstadfjorden, Mathopen og Dolviken).
- mindre følsamt område
 - o Mindre følsame område er kystfarevatn og elvemunningar frå Lindesnes til Grense Jakobselv unntake Grimstadfjorden-området.

Følsamt/normalt område

Dersom staden du vil sleppe ut til, er klassifisert som følsamt/normalt område, set du kryss i boksen «Utslippssted i følsomt/normalt område». Deretter må du vurdere eventuelle brukarkonflikta og/eller fare for overgjødsling. Dersom det er brukarinteresser involvert, skal du krysse av i boks **a**, som er det strengaste reinsekravet. Dersom det derimot ikkje er brukarinteresser involvert, men fare for overgjødsling, kryssar du av i boks **b**, der reinsekravet ikkje er fullt så strengt som for **a**. Dersom det verken er brukarinteresser eller fare for overgjødsling, kryssar du av i boks **c** (det minst strenge kravet).

Gjeld søknaden berre gråvatn (avløpsvatn frå hushald som ikkje inneheld klosettvatn) som blir sleppt ut i stadeigne lausmassar eller liknande, skal du krysse av i boksen «stedegne løsmasser eller tilsvarende».

Mindre følsamt område

Dersom utsleppsstaden er eit mindre følsamt område, skal du setje kryss i boksen «Utslippssted i mindre følsomt område». Du må i tillegg spesifisere reinsegrad ved å krysse av for anten (a) 20 % reduksjon av suspendert stoff eller (b) maksimum 180 mg suspendert stoff/liter (årleg middelverdi). Gjeld søknaden gråvatn som skal sleppast ut til mindre følsam sjøvassresipient, er det ikkje krav til rensing, og du kan krysse av i boksen «urenset».

Dersom du søker om unntak frå reinsekrava, skal du krysse av i boksen «Det søkes unntak fra §§12-8 til 12-9 / lokal forskrift». Hugs at du må leggje ved ei grunngiving/spesifisering for ønsket om unntak frå reinsekrava (vedlegg B).

Under punktet «Type renseanlegg» skal du oppgi kva slags reinseanlegg du ønskjer å installere. Gjeld søknaden minireinseanlegg, skal du også fylle ut «Tillegg for minirenseanlegg».

Den dimensjonerte storleiken på anlegget skal førast opp i talet på personekvivalentar per. Dette finn du for eksempel i dokumentasjonen frå anleggsleverandøren. Når du skal

vurdere kor stort anlegg du skal velje, bør du tenkje i eit perspektiv på 10 år. Anlegget bør uansett ikkje vere dimensjonert for mindre enn 5 pe.

6. Vedlegg til søknaden

Søknaden er ikkje rekna som fullstendig før alle nødvendige vedlegg ligg føre. Manglar det vedlegg, kan ikkje kommunen behandle søknaden. Nedanfor finn du ei oversikt over nødvendige vedlegg med forklaring og eventuelt malar.

A. Namn på nøytral fagkyndig (person/firma) som har hjelpt til med val av reinsemetode og/eller dokumentasjon av reinsegrad

- Her skal du føre opp kven (nøytral fagkyndig person / firma / leverandør) som har hjelpt deg med utforming og dimensjonering av reinseanlegg, og dokumentasjon av reinsegrad. Ver merksam på at dokumentasjon av reinsegraden til anlegget skal vere utført av ein nøytral fagkyndig.
- Dersom du skal installere eit ferdigprodusert minireinseanlegg, må dette vere testa i samsvar med NS-EN 12566-3. Sjekk at reinsegraden som er ført opp på CE-merket til minireinseanlegget, tilfredsstiller reinsekrapet for ditt utslepp (du har ført opp reinsekrap under punkt 5).
- For alle andre reinseløysingar må du dokumentere at du har nytta anerkjend dimensjonering og utforming.

B. Grunngiving for ønske om unntak frå standardreinsekrap §§ 12-8 til 12-9 / lokale reinsekrap eller relevant dokumentasjon

- Dersom du søker om unntak frå reinsekrap, skal du grunngi dette særskilt. Ver merksam på at dersom du søker om unntak, gjeld *utsleppsløyve* ikkje kommunen sin absolute saksbehandlingsfrist på seks veker.

C. Dokumentasjon av reinsegrad, jamfør § 12-10, og beskriving av anlegg

- Ver merksam på at dokumentasjonen skal vere utført av fagkyndig. Vedlegget skal også innehalde ei beskriving av anlegget (type/modell/leverandør og så vidare) og korleis det skal drivast.

D. Plassering av avløpsanlegg, utsleppsstad, eigedomsgrenser og vegtilkomst (for slamtømming, vedlikehald og så vidare) på kart i målestokk 1:5000 eller større

E. Liste over eigedommar som er tilknytte avløpsanlegget med gardsnummer, bustadnummer og adresse

- Dersom du skal knyte deg til eit eksisterande reinseanlegg, må du leggje ved ei liste over kva bygningar som allereie er tilknytte anlegget. Gardsnummer og bustadnummer for desse bygningane får du ved å kontakte kommunen. Dersom det ikkje er fleire bygningar knytte til anlegget, skal du setje kryss i boksen «ikke relevant» i søknadsskjemaet.

F. Oversikt over interesser som søknaden vedkjem (drikkevassforsyning, rekreasjon, næringsverksemد og så vidare). Beskriving av tiltak for å motverke interessekonfliktar og tiltak for å sikre helse og miljø

- Brukarinteresser knytte til utsleppsstaden vil ha stor betydning for plassering og utforming av reinseanlegg eller utsleppspunkt. Vedlegget skal innehalde ei vurdering av interesser som kan/vil bli rørte ved av utsleppet (for eksempel drikkevatn og brønnar, jordvatning, leikeplassar, bading, fiske, turløyper og så vidare), og plasseringa til utsleppsstaden når det gjeld brukarinteresser. Dersom du er i tvil, kan det vere nyttig å kontakte ein fagkyndig som kan gjere ei nøytral vurdering.

G. Oversikt over kven som er varsla

- Alle naboar og aktuelle partar skal varslast 4 veker før søknaden blir send.

- Du må lage ei liste over kven som har blitt varsle, og du må leggje ved kvittering på at det er sendt varsel til dei respektive (for eksempel kvittering på rekommendert sending eller underskrift).

H. Eventuelle mottekne klagar/protestar

- Dersom du har motteke klagar/protestar, skal dei leggjast ved søknaden.
Dersom du ikkje har motteke klagar/protestar, kryssar du av i boksen «ikke relevant».

7. Eventuelle merknader (ikkje obligatorisk)

Her kan du skrive eventuelle merknader som du meiner er nyttig informasjon for kommunen når søknaden skal behandlast.

8. Underskrift og erklæring

Merk at det er ansvarleg eigar som skal undertekne søknaden. Underskrifta til ansvarleg eigar står inne for at det er gitt riktige og fullstendige opplysningar. Eigaren forpliktar seg til å følgje dei oppførte føresegnene, inkludert føresegner som gjeld drift og vedlikehald.